



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Gjemnes kommune

Dato: 13.04.2021

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **PARKERING PÅ STATLEG SIKRA FRILUFTSOMRÅDE PÅ FURSETFJELLET OG PARKERINGSavgIFTA**

Vi viser til dykkar brev av 22.02.2021 (dykkar ref 19/00214-9) om den statlege eigde parkeringsplassen på Fursetfjellet og parkeringsavgifta der.

Vi har i brev av 12.04.2021 fått Sivilombodsmannen sine synspunkt på denne saka (sjå vedlegg). Vidare er vi orientert om brev av 16.11.2020 frå Klima- og Miljødept. og brev av 11.12.2020 frå Miljødirektoratet der det vart klargjort forholda rundt parkeringsavgifter og friluftslovens § 14 (sjå vedlegg). På dette grunnlag ber vi Gjemnes kommune om å kome med ei rettsleg grunngjeving for sitt svar om rekneskapet for parkeringsplassen på Fursetfjellet. Subsidiært ber vi om at Gjemnes kommune legg fram denne saka for sitt kontrollutval og at vi får ein uttale frå kontrollutvalet i Gjemnes kommune.

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Vedlegg: Brev frå Sivilombodsmannen til FNF Møre og Romsdal av 12 april 2021 om statleg parkeringsplass i Gjemnes kommune  
Brev frå Klima- og Miljødept. til Norsk Friluftsliv av 16.11.2020 – Klargjøring av forhold rundt parkeringsavgifter og friluftslovens § 14  
Brev frå Miljødir. til Fylkesmannen i Troms og Finnmark av 11.12.2020 – Svar på anmodning om tolkingsuttalelse – utmarksparkering etter friluftslovens § 14

Kopi: Statsforvalteren i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune